



Vurdering for utvikling

Rapport



Veke 20, 18-20.5.2021

Tema:

Personalalet bidreg til at barna får kjennskap til verdiar og normer
som er viktige for fellesskapet

Stad og dato: Dale, 20.05.2021

Siv Anita Helle Gudvangen
Vurderar

Sidsel Anita Ekblad Itland
Vurderar

Innhold

1. Føreord.	2
2. Oppsummering.	3
3. Fakta om barnehagen og val av vurderingstema.	3
4. Frå vurdering til endring av praksis.	4
5. Framtidsbilete.	5
6. Vurderingar.	6
Kvalitetsmål: Borna.	6
Kvalitetsmål: Personale/tilsette:	8
Kvalitetsmål: Foreldra.	10
Kvalitetsmål: Organisasjonen.	13
7. Spørsmål til refleksjon.	15
8. Vidare arbeid.	16
Vedlegg:	17
Deltakarar i vurderinga.	17
Tidsbruk.	17
Metodar.	18
Samtaleguidar og skjema.	19

1. Føreord

For å sikre kvaliteten og stimulere til forbetring i skulane og barnehagane har dei seks kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Høyanger oppretta eit felles vurderingsnettverk som med om lag fire års mellomrom vurderer skulane og barnehagane i regionen. Vurderingsnettverket er røynde lærararar og barnehagelærarar. Alle vurderer i annan kommune enn der dei arbeider. Fleire av vurderarane har vidareutdanning i kvalitetsvurdering i skule og barnehage. Utviklingsleiaren for barnehage og skule i regionen leiar arbeidet med vurderingar.

Etter Opplæringslova er skulane pålagt å vurdere verksemda jamleg:

«Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene».

Etter Rammeplanen for barnehagane skal også verksemda der vurderast:

«Barnehagen skal jevnlig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrives, analyseres og fortolkes ut fra barnehagens planer, barnehageloven og rammeplanen. Hovedformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får et tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen».

Regionen har ekstern vurdering for å gje skulane/barnehagane hjelp i utviklings- og vurderingsarbeidet og utvikle vurderingskompetanse. Skulane/barnehagane treng å bli sett på med nye øye. Den eksterne vurderinga er ein del av kvalitetssystemet for skular og barnehagar i regionen.

Vurderinga har ikkje som mål å gje eit fullstendig bilet av kvaliteten i barnehagen/skulen, men skal vere eit bidrag til kva eininga må arbeide vidare med innan det temaet som er vurdert. Barnehagen/skulen er forplikta til å følgje opp og rapportere attende til eigar om kva som er gjort i høve praksis som kan bli betre.

Rapporten vert gjort offentleg på kommunen og oppvekstregionen sin nettstad: www.hafs.no om lag ein månad etter vurderinga.

Mai 2021

Gøril Fristad

Utviklingsleiari for barnehage og skule
Oppvekst og utdanning i HAFS
Mobil: 92641210
E-post: goril.fristad@fjaler.kommune.no

2. Oppsummering

Elvetun barnehage er ein stad der barn og vaksne trivast ilag. Humor og varme pregar klimaet, og foreldra er superfornøgd med barnehagen sin.

I Elvetun barnehage viser praksis at personalet jobber etter verdigrunnlaget som er nedfelt i rammeplanen; respekt for naturen, livet og kvarandre. Praksisen kviler på likeverd både på tvers av alder, kjønn og veremåte. Alle er like mykje verdt uavhengig av størrelse, modenhet, erfaring eller profesjon. Dei er opptatt av sjølvstende, medverknad og toleranse. Dei tilsette er samkjørde i korleis dei møter barn, foreldre og kvarandre. Det er rom for ulikskap, men ikkje rom for ulik praksis og haldningar i høve samfunnsmandatet. Når eit barn får eit svar frå ein voksen, veit det at same svaret kjem frå dei andre og. Dette viser i noko grad att i planverk og interne arbeidsdokument, men det er større vekt på kva dei skal gjere og har gjort enn kva for verdiar som styrer vala. Dei er tydelege på kor dei vil; skape ein stad med eit hav av opplevingar der tryggleik, trivsel og omsorg er i hovudfokus.

Personalet jobbar godt og grundig med faglege tema og drøfter eigen praksis opp mot lovverk. Heile personalgruppa er med i drøftingane og om det er noko dei har ulik forståing for, vert dette tatt tak i med ein gong.

Slik vi ser det er Elvetun si største utfordring å få tydeleggjort kva som ER verdigrunnlaget deira og kvifor dette pregar praksis. Dei kan og med fordel vere tydelegare på dette ut mot foreldra og gjerne la verdigrunnlaget vere bakteppe når dei har sine workshops i samband med årsplanarbeidet.

3. Fakta om barnehagen og val av vurderingstema

Elvetun barnehage er ein to avdelings barnehage som i dag har 38 barn og 13 voksne som har sitt daglege virke her. Det er ein fin gjeng av barn som er nyfikne, glade, (innimellom litt irriterte og sinte), men stort sett akkurat slik dei skal vere i alderen 1 – 6 år der alt skal oppdagast, utforskast og kjennast på. Og dei voksne er stort sett på akkurat same måte😊 og difor er det ein herleg flott gjeng å få lov å vere del av.

Elvetun er no blitt 16 år gammal og er såleis ein pur ungdom som har fått ein del kunnskap om tilvære, men som langt i frå er verken utlært eller ferdig med å vere nyfiken og lærevillig. Arbeidsmiljøet og samhaldet er godt, lærerikt og til tider utfordrande når det blir satt på dagsorden nye og ikkje etablerte måtar å jobbe på.

Elvetun har eigen matansvarleg som kvar dag lagar mat som smakar i kvar ein munnfull og som er næringsrik og full av det som er godt å få i ein kropp som er i vekst. Dei vaksne set og stor pris på maten og føler seg heldig.

Grunnen for val av tema til denne vurdering var at vi i forkant hadde diskusjonar og gjennomgang i personalet der vi tenkte vi skulle vie vurderinga ein videre føring av tema sist vurdering, nemleg språk. Gjennom prosessen som vart satt i gang i personalet vart det tidleg klart at dei fleste hadde meir behov og ynskje om å sjå på kva for verdiar, haldningar og normer borna i Elvetun får av oss tilsette. Dette er noko som tilsette ser på som viktig å ha med seg og ville difor sette fokus på kva vi gjer her hos oss.

Difor vart det tema : **Personalet bidreg til at barna får kjennskap til verdiar og normer som er viktige for fellesskapet.**

4. Frå vurdering til endring av praksis

Ekstern barnehagevurdering er eit verkty for å hjelpe barnehagen med å vurdera og vidareutvikle kvaliteten på tilbodet til barna. Metoden bidrar med eit eksternt blikk frå to «likemenn» som kjem til barnehagen for å observera og snakka med barna, foreldra og dei som jobbar der. Vurderingsmetoden som er nytta er ein tilpassa versjon av metodikken som Hardanger/Voss-regionen og Utdanningsdirektoratet har utvikla. Metodikken vert nytta av Utdanningsdirektoratet i samband med rettleiing av skular og av fleire regionar og kommunar i heile landet både på skule og barnehage.

Vurderingsområdet tar utgangspunkt i barnehagen sin ståstad og handlar om element som vil gjera dei tilsette betre i stand til å utføra sine primære oppgåver knytte til barna sin trivsel, læring og utvikling.

Ekstern barnehagevurdering består av fem trinn:

1. Velja område for vurdering
2. Lage framtidsbilete
3. Hente inn og strukturere informasjon
4. Analysere og gjere vurderingar
5. Spegle attende til barnehagen

Utifrå informasjonen vurderarane får gjer dei ei vurdering av praksis opp mot teikna på god praksis i framtidsbiletet. Vurderarane peikar på kor barnehagen er bra i forhold til god praksis og kor dei kan bli betre. Etter det er det barnehagen sitt ansvar å følgje opp og ta tak i utfordringane vurderarane meiner dei har. Det skal skje i eit samarbeid med barnehageeigaren og regionen.

Meir om ekstern barnehagevurdering på [Utdanningsdirektoratet si heimeside](#)

5. Framtidsbilete

Kvalitetsmål er kjenneteikn på god kvalitet. Måla er henta frå lov, regelverk, rammeplan eller barnehagen sine eigne planar.

Kvalitetsmåla og teikna på god praksis er utforma i eit samarbeid mellom vurderarane og barnehagen, og til slutt godkjende av barnehagen.

Tema: Personalelet bidreg til at barna får kjennskap til verdiar og normer som er viktige for fellesskapet.

Kvalitetsmål	Teikn på god praksis
Barna: Barnehagen skal bidra til at barna får forståing for og sluttar opp om demokratiske verdiar og normer som ligg til grunn for det samfunnet vi har i dag. (Rammeplan, 2017, s.9)	❖ Barna erfarer å vere viktige for fellesskapet ❖ Barna utviklar venskap og deltek i sosialt samspel ❖ Barna meistrar balansen mellom å dekke sine eigne behov og ta omsyn til andre. ❖ Barna får kjennskap til, forstår og reflekterer over grunnleggjande normer og verdiar.
Personalelet: Personalelet skal bidra til at barna kan utvikle tillit til seg sjølve og andre. (Rammeplan 2017, s. 20)	❖ Personalelet anerkjenner og respekterer dei ulike verbale og ikkjeverbale uttrykka til borna ❖ Personalelet utfordrar tenkinga til barna og inviterer dei inn i gode samtalar. ❖ Personalelet er med på å synlegjere normer og verdier. ❖ Personalelet verdsett ulike behov og meiningar hos barn og vaksne
Føresette: Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen gje barna felles verdiar og normer. (Rammeplan 2017, s.29)	❖ Barnehagen og foreldra samarbeider for at alle barna skal oppleva seg sjølv og andre som viktige for fellesskapet. ❖ Foreldra erfarer at dei er verdifulle og aktive støttespelarar for barnehagen ❖ Foreldra kjenner til kva for verdiar og normer som barnehagen formidlar til barna. ❖ Foreldra medverkar i barnehagens arbeid med verdiar og normer.

<p>Organisasjonen:</p> <p>Barnehagen er ein lærande organisasjon der heile personalet skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege rollemodellar.</p> <p>(Rammeplan 2017, s 15)</p>	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Personalet arbeider i samsvar med rammeplanen sitt verdigrunnlag og med barnehagen si pedagogiske plattform ❖ Personalet har ei felles forståing av barnehagen sitt verdigrunnlag. ❖ Alle tilsette ser seg sjølv som viktige i arbeidet med å utvikle pedagogisk praksis ❖ Personalet gir kvarandre tilbakemelding, og rettleier kvarandre for å utvikla pedagogisk praksis og kvalitet for barna
---	--

6. Vurderingar

Kvalitetsmål: Borna

Barnehagen skal bidra til at barna får forståing for og sluttar opp om demokratiske verdiar og normer som ligg til grunn for det samfunnet vi har i dag.

1. Teikn på god praksis: Barna erfarer å vere viktige for fellesskapet

God praksis:

I Elvetun er barna fordelt på to avdelingar. Barna på Flo veit kven dei er i samme gruppe med og kven dei er like gamle som. Dette er visuelt støtta med bilet over garderobepllassane til barna. På Flo er dei delt inn i tre aldersinndelte grupper. I enkelte aktivitetar som t.d. sykkeldag vert det gjennomført med barn på same alder, medan dei er delt inn i grupper på tvers av alder i andre aktivitetar t.d. korøving og måltid. Dette kan bidra til fellesskapskjensle på tvers av alder og kjønn, og gruppelihørighet. I intervju med personalet kjem det fram at dei jobbar med fellesskapet både ved å framheve eit og eit barn som vekas barn og ved å gjere aktivitetar med heile barnegruppa. Det kjem også fram i ståstadanalysen. Vi ser igjen i leiken at barna inkluderer kvarandre i fellesskapet, samt at barna har venner i barnehagen. Barna seier at dei andre barna saknar dei når dei ikkje er i barnehagen. Barna bryr seg om kvarandre til dømes ved at dei stopper farten på huska for at andre barn skal sleppe til, dei lager fleire rolle i leiken sin for at flest mulig skal få vere med og dei kjem med idear til kva barn og vaksne kan gjere på avdelinga. Vi ser at barna sine ytringar vert fanga opp og svara på. Barna får vere med og avgjere kva og kor lenge barnehagen skal jobbe med tema. På Fjære er barna ein del av fellesskapet uavhengig av alder - både i frileik og ved måltid.

Praksis som kan bli betre

Det kan med fordel synleggjeraast meir i månadsbrev på småbarnsavdelinga korleis dei arbeider med verdiar. Nokre barn nevner i barneintervju og gir uttrykk i leik at dei ønsker å stikke av eller bli henta fra barnehagen. Barnehagen kan sjå nærare på kva enkelt barn legg i dette.

Dette kjem fram i dokument, observasjonar og ståstadsanalysen.

2. Teikn på god praksis: Barna utviklar venskap og deltek i sosialt samspel

God praksis:

I barneintervju fortel barna at dei har venner- dei har opptil tusen milliardar av venner. Barna seier at det kjekkaste dei gjer i barnehagen er å leike. Barna tar initiativ til leik med andre barn og vi ser at samspel mellom barn kan vere/er lystbetont. I foreldreundersøkinga kjem det fram at foreldra også har inntrykk av at deira barn har venner i barnehagen.

Personale oppfattar at alle barn er i positivt samspel med andre barn og vaksne.

Samstundes sørger barnehagen for at alle barn skal få oppleve vennskap og lære å beholde venner. I barneintervju namngir barna andre barn som trøyster dei og dei nemner namn på kven som er venane deira. I både inne og utelek observerer vi at barna har andre barn dei kan leike med. Personalaet legg opp til at barna skal få moglegheit til samspel med andre barn både i små og store grupper, både i organiserte og uorganiserte situasjonar - der barna kan få delta i sosialt samspel.

Dette kjem fram i dokument, intervju og observasjonar.

3. Teikn på god praksis: Barna meistrar balansen mellom å dekke sine eigne behov og ta omsyn til andre.

God praksis:

Barna gjev uttrykk for at dei veit korleis dei skal trøyste andre barn, kva dei skal gjere om noko er urettferdig, kva dei skal gjere når dei vert sinte eller om dei må dele. Vi ser også at dei praktiserer dette i leik. Naturleg nok er det avhengig av alder og modenhet korleis denne balansen er. Barna nytter seg av både non-verbal og verbal kommunikasjon for å gje uttrykk for og for å få dekka sine behov. Barnehagen støtter barna i å reflektere over eigne og andre barn sine følelsar, opplevingar og meningar.

Dette kjem fram i ståstadsanalysen, intervju med personalet og med barna.

4. Teikn på god praksis: Barna får kjennskap til, forstår og reflekterer over grunnleggjande normer og verdiar.

God praksis

Barna møter vaksne som ved å vere seg sjølve lærar barna vanleg høfleghet som til dømes seier hei når dei kjem til barnehagen, takkar for maten og som seier hadde når dei går heim. I

observasjon av barna ser vi at barna også nyttar dette i daglelivet i barnehagen. Blant anna ved at dei takker for maten, helsar på kvarandre og at dei stiller spørsmål av omtenk som karakter til andre t.d "Kven kan trøyste deg"? "Kven er din familie"? Barna får ros som "flott", "bra" og "takk" dersom dei vaksne tar barna i å gjer noko bra mot andre barn. Ved at dei vaksne er tydelege rollemodellar som er klar over kva dei formidlar, lærer barna korleis ein skal vere mot kvarandre i barnehagen.

Praksis som kan bli betre :

I enkelte situasjonar i løpet av dagen ser vi at vaksne kan vere meir tett på barna. Barnehagen kan synleggjere og reflektere i saman med barna om kva grunnleggjande normer (korleis vi gjer det her) og verdiar dei har.

Dette kjem fram i intervju og observasjonar.

Kvalitetsmål: Personalelet/tilsette:

Personalelet skal bidra til at barna kan utvikle tillit til seg sjølve og andre.

I foreldreundersøkinga frå 2019 ser vi at barnehagen får beste karakter (5) på påstanden "Jeg har inntrykk av at barnehagen bidrar til mitt barns sosiale utvikling (vennskap, empati og vise hensyn)"

1. Teikn på god praksis; Personalelet anerkjenner og respekterer dei ulike verbale og ikkjeverbale uttrykka til borna

God praksis:

Vi har sett mange gode døme der personalelet anerkjenner både verbale uttrykk og kroppslege signal, set ord på dei, tolkar og responderar. Personalelet er opptatt av å vere nær der barna er slik at dei lettare kan fange opp det dei meiner. Dette gjeld ikkje berre småbarnsavdelinga der språket er i startgropa, men også på storbarnsavdelinga der barn har trong for støtte og guiding på andre måtar. Personalelet fortel at dei kjenner barna godt og kan derfor fort oppfatte om det er noko dei formidlar både med ord og kropp. Dette kjem fram i ståstadsanalysen. Dei fortel at dei nyttar møta til å dele oppfatningar og opplevelingar om barna slik at dei lettare kan samlast om felles praksis. Barna fortel i intervju at dei vaksne høyrer på dei når dei seier noko. Dei fortel og at når dei vert ueinige, kjenner at noko er urettferdig eller treng trøyst, går dei til dei vaksne. Dei fortel og om at om dei er uheldig eller gjer noe gale seier dei vaksne "det går bra". "Dei vaksne i Elvetun barnehage er veldig flinke til å sjå og snakke med ungane" (sitat spørjeundersøking til foreldra). I årsplan og periodeplan kjem det fram at barnehagen er opptatt av at barn skal bli lytta til og respektert for sine tankar, meininger og idear. For å støtte opp om dette nyttar dei mellom anna bilet.

Praksis som kan bli betre

Vi har og sett døme der det kan virke som om personalelet har hatt fokus på andre faktorar enn barnets intensjon. Då har dei respondert på ein måte der barnet sitt uttrykk ikkje har vorte anerkjent. Dette kan skuldast at det er mange funksjonar som skal fyllast i løpet av ein dag, både organisering, praktiske oppgåver og tankar om det som skal skje seinare.

Personalet fortel og i intervju at sjølv om dei fordelar seg utover areala, oppfattar dei nok ikkje alt til ei kvar tid.

Dette kjem fram i dokument, intervju, spørjeundersøking til foreldre og observasjonar.

2. Teikn på god praksis: Personalet utfordrar tenkinga til barna og inviterer dei inn i gode samtalar.

God praksis:

Vi har sett og hørt mange tilsette som stiller opne spørsmål, legg til rette for samtalar og dialog med barn både einskild og i grupper. Personalet undrar seg saman med barna, trekker inn dei som ikkje deltek like mykje. Personalet fortel i intervju at dei nyttar både samlingar og situasjonar til å ta opp tema og til å snakke med barn. Det er rom i personalgruppa for at ein vaksen kan konsentrere seg om å snakke med eit barn den tida dei treng. Turar, måltider og stell er gode arenaer for gode samtalar. Tankekart vert brukt for å få tak i kva barna er opptekne av, og kva dei lurer på og vil finne meir ut av. Dei er opptekne av å tilrettelegge det fysiske miljøet slik at det vert rom for ro, leik og samtalar. Dei nyttar bøker, bilete, Ipad og smartskjerm i arbeidet med å skape gode samtalar. I tillegg er dei opptekne av å gje barn felles opplevingar som grunnlag for felles leik og undring. I planar kjem det fram at barnehagen legg opp til undring rundt t.d. høgtider. Dette vert bekrefta i ståstadsanalsysen.

Dette kjem fram i dokument, intervju og observasjonar

3. Teikn på god praksis: Personalet er med på å synleggjere normer og verdier.

God praksis:

Personalet i Elvetun barnehage er samkjørde i korleis dei utfører praksis og barna oppfattar at alle dei vaksne er einige. Nokre av desse normene og verdiane er nedfelte i progresjonsplanen i pedagogisk årsplan og i nokre periodeplanar. Dei har samtalar om å ha forståing for at det finst ulike måtar å forstå ting på og leve saman på, kva det vil seie å vere høfleg (barnehagenytt, Flo). Barna fortel i intervju korleis dei gjør det om dei er usamd, kjenner på urettferd eller korleis dei kan gjøre andre glad. Dette viser at barna har eit godt grep om korleis dei skal vere med kvarandre. Dette ser vi og i praksis; dei deler, slipper andre til og viser omsorg for kvarandre. Det å vente på tur og vente i kø har dei god kompetanse på. At det skal vere rom for ulikskap vert og teke opp og dei tilsette nyttar mellom anna drama for å syne barna korleis t.d. det å dele eller ikkje kan opplevast. Ulikskap og mangfold vert og tydeleg når barn får fortelje om seg sjølv, velge songar som dei likar (der spennet varierar frå bæ-bæ til AC/DC). Personalet er bevisst at dei er viktige rollemodellar. "Vi har fokus på det heile tida. Ofte utan å tenkje over det" (sitat personalintervju). Elvetun barnehage har fokus på at "vi seier hei eller god morgen når vi kjem og hadet eller takk for i dag når vi reiser heim" (barnehagenytt for februar) og snakker om kva vi kan gjøre om noken er lei seg

Dette kjem fram i dokument, intervju og observasjonar.

4. Teikn på god praksis: Personalet verdsett ulike behov og meiningar hos barn og vaksne

God praksis

Planverk og interne dokument syner at personalet i Elvetun er opptatt av å ha respekt for ulikskap både mellom vaksne, mellom barn og vaksne og mellom barn. Det er rom for å gjøre ulike ting og ha ulike oppgåver og ansvar etter interesse og kompetanse i personalgruppa. I den pedagogiske årsplanen les vi at dei legg vekt på å vere løysingsorienterte vaksne som er opne for barns tankar og idear, ”den vaksne er rettleiar for barna i prosessar der dei sjølv får ta realistiske val” (s 8) Dette har vi og sett att i praksis både på Flo og Fjære. Vi har sett tilsette som tek imot barn sine ytringar på gode måtar, ”sladring” vert møtt med anerkjenning av opplevinga til barnet som kjem og seier ifrå, og det vert samtidig peika på løysingar. I etterkant vert dette fylgt opp av ”går det bra no?” Dette gjer noko med barnet si kjensle av å bli sett, høyr og tatt på alvor. Vi har sett mange døme på tilsette som møter barn og kvarandre med respekt og anerkjenning for ynskjer og behov..

Dette kjem fram i dokument, intervju og observasjonar.

Kvalitetsmål: Foreldra

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen gje barna felles verdiar og normer.

1. Teikn på god praksis: Barnehagen og foreldra samarbeider for at alle barna skal oppleva seg sjølv og andre som viktige for fellesskapet.

God praksis:

I ståstadsanalysen og personalintervju kjem det fram at foreldra får medverke. Barnehagen har dagleg kontakt med foreldre ved levering og henting. Det vert lagt opp til at det er lav terskel for at foreldre skal ta kontakt og for at barnehagen tar kontakt med foreldre, gjerne via telefon. Barnehagen gjennomfører foreldresamtalar og foreldremøter der foreldra kan komme med innspel knytt til deira barn. Foreldre stiller opp på dugnad og andre tilstelningar som barnehagen legger til rette for. I spørjeundersøkinga tydeleggjer foreldra at barnehagen er gode på at barna har ulike interesser og barnehagen møter dette ved å ha eit variert opplegg.

Sitat spørjeundersøking ”barnehagen er verkeleg optimal slik den er nå” og ”det opplevast alltid som dei har tid til oss foreldre”.

Praksis som kan bli betre

Utfra spørjeundersøkinga til foreldre kjem det likevel fram at nokre foreldre ynskjer at barnehagen kan bli betre på informasjon om daglege hendingar.

Dette kjem fram i dokument, intervju, spørjeskjema til foreldra og observasjonar.


2. Teikn på god praksis: Foreldra erfarer at dei er verdifulle og aktive støttespelarar for barnehagen

God praksis:

På foreldremøte og i foreldresamtalar vert det lagt opp til at foreldre kan komme med innspel på endringar. I intervju med personale kjem det fram at desse innspela vert det teke omsyn til. Barnehagen har i samarbeid med foreldre blant anna endra opplegg knytt til Forutaksjon og karneval. Foreldre kjenner til ein del av verdigrunnlaget ved at det er formidla i ½-årsplan og barnehagenytt. I ½-årsplanen til Fjære kjem det fram at ”foreldresamarbeid er nøkkelen til ein god barnehagekvardag for ungane” og støtter opp om kva verdi foreldre har for barnehagen.

I kva grad opplever de som foreldre å vere verdifulle og aktive støttespelarar for barnehagen?

16 svar



Dette kjem fram i dokument, intervju og spørjeskjema til foredra.


3. Teikn på god praksis: Foreldra kjenner til kva for verdiar og normer som barnehagen formidlar til barna.

God praksis:

I ½-årsplanen til Flo vert foreldre informert om korleis barnehagen skal jobbe med verdiar som empati, respekt og uttrykke kjensler, snakke om korleis vi er med kvarandre, kjeldesortering og inkluderande fellesskap. I spørjeundersøkinga til foreldra kjem det fram ”Vi opplever at vi får informasjon om kva tema dei skal snakke med barna om, samt at det vert opplyst om korleis og kvifor dei tek det opp, og viser gjerne til rammeplan. Dette er òg emne vi kjem inn på i foreldresamtalar, der personalet informerer om kva dei tenkjer rundt ulike problemstillingar og kvifor dei tenkjer og handlar som dei gjer”.

I kva grad meiner de foreldre at barna får kjennskap til, forstår og reflekterer over grunnleggande normer og verdiar?

16 svar



Praksis som kan bli betre:

Foreldregruppa er delt i kor godt dei kjenner verdigrunnlaget. Det kan med fordel synleggjera korleis foreldra bidrar i dette arbeidet og kva som ligg i begrepa verdiar og normer. Barnehagen kan synleggjere for foreldra kva verdiar som er deira verdigrunnlag. "Om normar og verdiar ikkje vert synleggjorte svart på kvitt så er det uansett for meg kjensla av at i denne barnehagen er det godt å vere knytt til, det kjennes slik, nettopp fordi det er gode verdiar".

Dette kjem fram i dokument og spørjeskjema til foreldra.

4. Teikn på god praksis: Foreldra medverkar i barnehagens arbeid med verdiar og normer.

God praksis

I personalintervju og i intervju med leiing kjem det fram korleis barnehagen arbeider med og inkludere foreldre på foreldremøte t.d. ved å ha "cafe-diskusjonar". I foreldreundersøkinga kjem det fram at barnehagen jobber for å sikre foreldre si medverknad (4,7). I spørjeskjema til foreldra vert det svara "Vi har hatt gruppearbeid der vi skulle ta stilling til ulike utsegn knytt til mellom anna dette med verdiar og normer". Samtidig kjem det fram at koronapandemien har gjort foreldremøte vanskelegare. Foreldra gjev uttrykk for at når dei er einige og nøgde med barnehagen sin måte å løyse situasjonar på, er det truleg fordi dei er samd i verdiane som ligg til grunn.

Praksis som kan bli betre

Barnehagen kan tydleggjere for foreldra når det er verdiar og normer foreldre er med og påverka/jobbar med - jmfr uttale fra spørjeundersøkinga til foreldra om at dei er med og påverkar tema og enten har lite eller veit ikkje om dei har påverknad. Barnehagen kan synleggjere i årsplanen korleis dei kan ta med barna og foreldre i planlegging av barnehagen som pedagogisk verksemd (jmfr ståstadsanalysen). Når foreldra i liten grad opplever at dei er med og medverkar i dette arbeidet, kan det ha samanheng med opplevinga av at barnehagen er god. "Lite, dette kjem seg nok av at vi er nøgd med barnehagen og dei tilsette som deltar i mitt born sin kvardag".

Dette kjem fram i dokument, intervju og spørjeskjema til foreldra.

Kvalitetsmål: Organisasjonen

Barnehagen er ein lærande organisasjon der heile personalet skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege rollemodellar.

1. Teikn på god praksis: Personalet arbeider i samsvar med rammeplanen sitt verdigrunnlag og med barnehagen si pedagogiske plattform

God praksis:

Tilsette fortel at planar er levande dokument som endrar seg undervegs "vi spikrar ikkje halvåret, men bruker den pedagogiske plattforma og endrar undervegs" (sitat tilsettintervju). Ståstadsanalysen syner at arbeidsmåtane bidreg til å realisere intensjonane i rammeplanen og planar syner til at dei har fokus på medverknad, sjølvstende og å "skape et miljø der alle viser toleranse og respekt for kvarandre, Det skal vere rom for å vere ulike og annleis" (Halvårsplan, Flo, s 1) Vi ser verdigrunnlaget både i praksis hos dei tilsette og i veremåten til barna.

Praksis som kan bli betre

Elvetun barnehage kan med fordel gjere dette meir synleg og tydelegare ut i organisasjonen.

Dette kjem fram i dokument, intervju og observasjon.

2. Teikn på god praksis: Personalet har ei felles forståing av barnehagen sitt verdigrunnlag.

God praksis:

I ståstadsanalysen kjem det fram at "i vår barnehage har vi ein felles forståelse av barnehagens verdigrunnlag". I planverk kjem det til dels direkte, men mykje indirekte fram kva Elvetun legg særskild vekt på; balansert kosthald, respekt for natur og liv og kvarandre, godta ulikskap, korleis ein er med kvarandre og likeverd mellom kjønn. Dei legg vekt på bordskikk, sjølvstende og medverknad, å lytte til kvarandre, skape inkludering og gje felles opplevingar som grunnlag for samhald. Dei tilsette fortel i intervju at dei jobba grundig i eit heilt år med implementering då rammeplanen var ny. "Det er ikkje lett å ta tak i det som sit i veggane, men vi er veldig samkjørde" (sitat tilsett intervju). Dette ser vi att i praksisen til Elvetun barnehagen.


Praksis som kan bli betre

Vi hører at dei tilsette nytta ord og omgrep om verdiar, normer, visjon og haldningar, men opplever ikkje at det er tydeleg kva som er kva. Det kan sjå ut som om dei grunnleggande verdiane som ligg til grunn for vala dei gjer, sit i ryggmargen og i veggane. Vala dei tek er tydelege, men ikkje kva som styrer dei. Foreldre er delt i sitt syn på om verdiane er tydelege, sjølv om det opplever at personalet har ei felles forståing. "barnehagen har gode normar og verdiar kjem godt fram på foreldremøta, gjennom info og gode tema" "Vi ser gjennom referat og daglege tilbakemeldingar at dette er noko dei jobbar kontinuerlig med på ulike måtar". Eg

tenkjer at det kan med fordel synleggjera i meir direkte grad for oss foreldre kva barnehagen står for". er sitat frå spørjeskjema til foreldra.

I kva grad opplever de foreldre at personalet har ei felles forståing av barnehagen sitt verdigrunnlag

16 svar



Dette kjem fram i dokument, intervju, spørjeskjema til foreldra og observasjonar.

3. Teikn på god praksis: Alle tilsette ser seg sjølv som viktige i arbeidet med å utvikle pedagogisk praksis

God praksis:

Vi høyrer i tilsetteintervju at alle tilsette får bruke seg sjølv, sine interesser og kompetanse. Dei opplever å få ansvar og få sleppe til. "Alle er viktige, alle har sine ting å bidra med" (sitat tilsettintervju). Leiar er opptatt av å sjå den einskilde og gje dei rom for sjølvstendige val. I observasjonar og i samtalar opplevde vi ikkje skilnad mellom dei tilsette sin praksis verken i forhold til alder, erfaring eller profesjon. Dei tilsette er opptatt av å halde seg oppdatert, dei les og deltek i drøftingar og planlegging. "Det er min jobb å møte førebudd" (sitat tilsettintervju). Pedagogisk årsplan syner til at dei tilsette er bevisst i forhold til eigen veremåte og legg vekt på å vere tydelege vaksne, til stades for barna både fysisk og psykisk.

Dette kjem fram i intervju og observasjonar

4. Teikn på god praksis: Personalet gir kvarandre tilbakemelding, og rettleier kvarandre for å utvikla pedagogisk praksis og kvalitet for barna

God praksis

Tilsette fortel i intervju at då dei jobba med implementering av rammeplanen, og særleg med området "etikk, religion og filosofi", gav det "heftige diskusjonar". Det var mange meningar og ulike oppfatningar og dei gjekk djupt ned i materien og drøfta kva dei som barnehage ville stå for og gje vidare til barna. "Det er nok grunnen til at vi går så godt i lag" (sitat

tilsetteintervju). Det er god kommunikasjon på tvers av avdelingar og usemje vert tatt opp med ein gong. Dei spør kvarandre og gjev kvarandre råd. "Ein kan spørje kven som helst og få gode svar uansett" "Vi er flinke til å backe kvarandre opp" "Alt kan seiast om ein gjer det på ein fin måte" (sitat tilsettintervju). Tilsette framhever LØFT som ein særstak positiv måte å få tilbakemeldingar på. Vi ser at beskjedar og overføringar går gjennom heile dagen slik at det opplevast som forutsigbart og trygt for barna, og dei tilsette veit kva dei skal forhalde seg til når det gjeld oppfølging av barna. "Eg har aldri fått så mykje skryt på ein arbeidsplass som her" (sitat tilsettintervju).

Praksis som kan bli betre

"Vi er nok ikkje flinke nok til å snakke opp oss sjølv. Det er mykje lettare å seie kva andre er flinke til". Fleire tilsette fortel at koronapandemien har gjort at dei i mindre grad samarbeidar og kommuniserer med kvarandre og det er eit sakn.

Dette kjem fram i intervju og observasjonar.

7. Spørsmål til refleksjon

Utviklingsområde	Idear
Barna	Korleis kan barna få vere med og synleggjere kva som er gode normer for samver med andre?
Tilsette	Korleis kan de rydde i ord og omgrep og gjere bevisst kva som er dei gode verdiane i Elvetun barnehage? Korleis kan de synleggjere dette for både tilsette, barna og foreldra?
Foreldre	Korleis gjere arbeidet med normer og verdiar tilgjengeleg for alle foreldre uavhengig av avdeling? Korleis kan de gjere foreldra og tilsette bevisste på kva verdiar som er felles?
Organisasjonen	Korleis løfte den tause kunnskapen fram i lyset slik at alle kan sjå den?

8. Vidare arbeid

Innan ein månad etter vurderinga må vurderarane få melding om eventuelle feil i rapporten. Etter dette vert rapporten offentleggjort på barnehageeiðar og Oppvekst og utdanning i HAFS sine heimesider.

Seinast ein månad etter vurderinga skal barnehagen ha eit oppfølgingsmøte der både eigar og region er med. På dette møtet skal utfordringane og moglege tiltak drøftast.

Gjennom rapporten skal barnehagar rapportere korleis dei har arbeidd med utfordringane og kva tiltak som er sett i verk. Tiltaka skal innarbeidast i handlings- og utviklingsplanane til barnehagane.

I tillegg til vurderingsrapporten er det utarbeidd ein vedleggsrapport som ikkje er offentleg, men som er overlevert styrar. I rapporten står oppsummeringar av påstandsskjema, observasjonar og intervju/samtalar.

Stad og dato:

Vurderar Oppvekst og utdanning HAFS

Vurderar Oppvekst og utdanning i HAFS

Vedlegg:

Deltakarar i vurderinga

Interne: Barn, tilsette og foreldre
Eksterne: Vurderarar frå vurderarnettverket i HAFS

Tidsbruk

Regionen v/utviklingsleiar har ansvaret for kontakt og planlegging saman med styrar fram til tildeling av vurderarar. Vidare skal regionen ha kontakt og delta på møte for oppfølging.

Vurderarane skal nytte ei veke til vurderinga, ein dag til føremøte og fire dagar i barnehagen. I små barnehagar kan det verte brukt mindre tid, men avhengig av temavalet.. Vurderarane skriv ferdig og presenterer rapporten den siste dagen.

Før og undervegs førebur vurderarane intervju, samtalar og observasjonar, arbeider med informasjonen og lagar oppsummeringar.

Veke	Tiltak	Ansvar
25	Barnehagen sender utkast til framtidsete	Styrar
33	Føremøte med barnehagen	Vurderarane
35	Barnehagen sender nytt utkast til framtidsbilete	Styrar
36	Vurderarane gjev tilbakemelding på framtidsbiletet	
37	Barnehagen godkjenner framtidsbiletet	
	Vurdering utsett til våren	
14	Nytt vurderarpar og barnehagen koblast	Utviklingsrettleiar
15	Dokument sendt til vurderarane	Utviklingsrettleiar
17	Periodeplanar sendt til vurderarane	Styrar
17	Samtaleguidar, informasjonsskjema til barn og foreldre, spørjeskjema sendt til barnehagen	Vurderarane
20	Vurderingsveke	Sjå eigen plan

Tidsplan:

Tysdag:	Samtale med leiar om organisering og praktisk gjennomføring av vurderingsveka Observasjonar i barnegruppene Samtalar med dei tilsette kl 09.00-10.15 Spørjeskjema til foreldra
Onsdag:	Observasjonar i barnegruppene Samtalar med tilsette Samtalar med barna Observasjonar i barnegruppene Samtale med leiar Skrive rapport frå ca 15
Torsdag:	Skrive rapport Sende rapport på e-post til leiar for gjennomlesing kl 14 Samtale med leiar om rapporten kl 14.30 Fremlegg av rapport for tilsette, eigarrepresentant og foreldrerådsleiar kl 16.30

Metodar

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metodar. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle og gruppesamtalar, møte og observasjonar.

I denne vurderinga er følgjande verktøy og metodar nytta:

Ståstadanalyse for 2020

Verktøyet er utarbeidd av Utdanningsdirektoratet og er eit prosess- og refleksjonsverktøy som skal sette i gang utvikling og forbetring på den einskilde barnehagen. Analysen vert nytta for å velje ut tema for vurderinga.

Foreldreundersøkinga (UDIR) 2019**Dokumentanalyse**

Barnehagen sender vurderarane diverse relevante dokument, til dømes årsplan, halvårsplan, generell informasjon og vekeplanar.

Spørjeskjema til foreldre**Observasjon****Verktøy for vidare informasjonsinnhenting****Vurdering**

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å speglia utsegnene frå tilsette, born og foreldre, og observasjon opp mot utarbeidde kvalitetsmål og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga kom vurderarane fram til kva dei meiner er teikn på god praksis i barnehagen og kva praksis som kan bli betre. Og vurderarane kjem med idear til vidare arbeid.

Samtaleguidar og skjema

Samtaleguide for tilsette
Samtaleguide for barn
Samtaleguide for leiinga (styrar)
Spørjeskjema til foreldra
Observasjonsskjema

Samtaleguide for tilsette, Elvetun barnehage - mai 2021

Barnehagen skal bidra til at barna får forståing for og sluttar opp om demokratiske verdiar og normer som ligg til grunn for det samfunnet vi har i dag.	<ul style="list-style-type: none">• Barna erfarer å vere viktige for fellesskapet• Barna utviklar venskap og deltek i sosialt samspel• Barna meistrar balansen mellom å dekke sine eigne behov og ta omsyn til andre.• Barna får kjennskap til, forstår og reflekterer over grunnleggjande normer og verdiar.
Korleis føler de at barna opplev at dei er viktige for fellesskapet?	
Korleis erfarer de at alle barna utviklar venskap og deltek i sosialt samspel?	
Korleis synes de barna meistrar balansen mellom å dekke sine eigne behov og ta omsyn til andre?	
Korleis oppleve de at barna forstår og reflekterer over grunnleggjande normer og verdiar?	
Korleis jobbar de med dette i barnehagen?	

Personalet skal bidra til at barna kan utvikle tillit til seg sjølve og andre.	<ul style="list-style-type: none">• Personalet anerkjenner og respekterer dei ulike verbale og ikkje verbale uttrykka til borna• Personalet utfordrar tenkinga til barna og inviterer dei inn i gode samtalar.• Personalet er med på å synleggjere normer og verdier.• Personalet verdsett ulike behov og meininger hos barn og vaksne
Er de flinke til å sjå og anerkjenne dei ulike verbale og ikkje verbale uttrykka til barna? Eventuelt korleis?	
Korleis synleggjer de normer og verdiar for barna?	

Korleis utfordrar de tenkinga til barna og inviterer dei inn til gode samtalar der også ulike meiningar og behov blir verdsett?

- | | |
|---|--|
| Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen gje barna felles verdiar og normer. | <ul style="list-style-type: none">• Barnehagen og foreldra samarbeider for at alle barna skal oppleva seg sjølv og andre som viktige for fellesskapet.• Foreldra erfarer at dei er verdifulle og aktive støttespelarar for barnehagen• Foreldra kjenner til kva for verdiar og normer som barnehagen formidlar til barna.• Foreldra medverkar i barnehagens arbeid med verdiar og normer. |
|---|--|

Korleis samarbeider foreldre og barnehagen for at alle barn skal oppleva seg sjølv som viktige for fellesskapet?

Trur de at foreldra erfarer at dei er verdifulle og aktive støttespelarar for barnehagen? Korleis kjem det eventuelt til uttrykk?

Synes de at foreldra medverkar i barnehagens arbeid med verdiar og normer, og at dei kjenner til kva barnehagen formidlar til barna? Fortel.

- | | |
|--|---|
| Barnehagen er ein lærande organisasjon der heile personalet skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege rollemodellar. | <ul style="list-style-type: none">• Personalet arbeider i samsvar med rammeplanen sitt verdigrunnlag og med barnehagen si pedagogiske plattform• Personalet har ei felles forståing av barnehagen sitt verdigrunnlag.• Alle tilsette ser seg sjølv som viktige i arbeidet med å utvikle pedagogisk praksis• Personalet gir kvarandre tilbakemelding, og rettleier kvarandre for å utvikla pedagogisk praksis og kvalitet for barna |
|--|---|

Opplever de at de har ei felles forståing av barnehagen sitt verdigrunnlag?

Korleis er rammeplanen sitt verdigrunnlag og barnehagen si pedagogiske plattform synleg i det daglege arbeidet?

På kva måte er du viktig i arbeidet med å utvikle pedagogisk praksis?

Korleis rettleier de kvarandre og gir kvarandre tilbakemelding for å utvikle den pedagogiske praksis og kvalitet for barna?

Samtaleguide for barn, Elvetun barnehage - mai 2021

(Vi har nytta 5 biletet frå "Samtalebilder" av Merete Holmsen (Cappelen Damm 2007) for å konkretisere enkelte spørsmål; Bileta vi har nytta er nr 3, 4, 9, 10 og 12)

Vi er på besøk i bhg for å finne ut korleis dei vaksne snakkar og leikar med ungane.
Vil dykk hjelpe oss med det?

Barna erfarer å vere viktige for fellesskapet.

1. Høyrer dei vaksne på deg når du seier noko?



2. Korleis kan barn trøyste når nokon er lei seg?



3. Trur du dei andre i barnehagen saknar deg når du er vekke frå barnehagen?

Barna utviklar venskap og deltek i sosialt samspel.

4. Kva synes du er det kjekkaste i barnehagen?



5. Har du vene i barnehagen?

6. Kven trøystar deg når du er lei deg?

Barna meistrar balansen mellom å dekke sine eigne behov og ta omsyn til andre

8. Om det er ei leike som både du og nokon andre har veldig lyst på, kva gjer du då?



9. Kva gjer du om du står i kø og nokon prøvar å snyke seg forbi deg?

10. Korleis blir du om du blir sint og synes noko er urettferdig? Kva gjer du?

11. Av og til må vi vente på vår tur. Synes du det er vanskeleg? Kva gjer du då?

Barna får kjennskap til, forstår og reflekterer over grunnleggjande normer og verdiar.

12. Visst du synes noko er urettferdig, brukar du å snakke med vaksne om det då?



13. Kva seier dei vaksne til deg om du gjer noko bra? Eller om du gjer noko som er gale?

14. Kva trur du kan gjere dei andre i barnehagen glade?

Samtaleguide for leiinga (styrar):

Kva tankar har du om korleis de står i forhold til kvalitetsmåla i framtidsbildet sett i høve teikna på god praksis?

“Barnehagen skal bidra til at barna får forståing for og sluttar opp om demokratiske verdiar og normer som ligg til grunn for det samfunnet vi har i dag.”

“Personalalet skal bidra til at barna kan utvikle tillit til seg sjølve og andre.”

“Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen gje barna felles verdiar og normer.”

Korleis sikrar du at heile personalet arbeider i samsvar med rammeplan og pedagogisk plattform?

Kva er den felles forståinga av barnehagen sitt verdigrunnlag?

Korleis får du alle til å medverke til å utvikle den pedagogiske praksisen?

På kva måte gjev/får personalet tilbakemeldingar og korleis rettleier de kvarandre for å utvikle pedagogisk praksis og kvalitet for borna?

Spørjeskjema til foreldre i samband med ekstern vurdering

I samband med den eksterne vurderinga i Elvetun barnehage ønsker vi, vurderarane, å få tilbakemeldingar frå så mange foreldre/føresette som mogleg. Vi har tatt utgangspunkt i framtidsbiletet når vi har laga spørsmåla, og særleg med tanke på kvalitetsmålet som seier at barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen gje barna felles verdiar og normer. Spørjeundersøkinga er anonym.

Svarfrist er sett til 18.05.21.

1. Kva meiner de Elvetun barnehage er god på?
2. Kva meiner de Elvetun barnehage kan bli betre på?
3. På kva måte har de kontakt med og samarbeider med barnehagen
4. Er de godt kjent med kva for normer og verdiar personalet i barnehagen formidlar til barna?
5. I kva grad opplever de som foreldre å vere verdifulle og aktive støttespelarar for barnehagen?

1	2	3	4	5

6. På kva måte medverkar de i arbeidet med verdiar og normer?
7. I kva grad meiner de foreldre at barna får kjennskap til, forstår og reflekterer over grunnleggande normer og verdiar?

1	2	3	4	5

8. I kva grad meiner de foreldre at personalet er med på å synleggjere normer og verdiar

1	2	3	4	5

9. I kva grad opplever de foreldre at personalet har ei felles forståing av barnehagen sitt verdigrunnlag

1	2	3	4	5

10. Korleis tykkjer de barnehagen arbeider med verdiar og normer?

Vi takkar for at du tek deg tid til å svare på desse spørsmåla.

Observasjonsskjema

Barna erfarer å vere viktige for fellesskapet	Barna utviklar venskap og deltek i sosialt samspel
Barna meistrar balansen mellom å dekke sine eigne behov og ta omsyn til andre.	Barna får kjennskap til, forstår og reflekterer over grunnleggjande normer og verdiar.
Personalet anerkjenner og respekterer dei ulike verbale og ikkjeverbale uttrykka til borna	Personalet utfordrar tenkinga til barna og inviterer dei inn i gode samtalar.
Personalet er med på å synlegjere normer og verdier.	Personalet verdsett ulike behov og meininger hos barn og vaksne

Barnehagen og foreldra samarbeider for at alle barna skal oppleva seg sjølv og andre som viktige for fellesskapet.	Foreldra erfarer at dei er verdifulle og aktive støttespelarar for barnehagen
Foreldra kjenner til kva for verdiar og normer som barnehagen formidlar til barna.	Foreldra medverkar i barnehagens arbeid med verdiar og normer.
Personalet arbeider i samsvar med rammeplanen sitt verdigrunnlag og med barnehagen si pedagogiske plattform	Personalet har ei felles forståing av barnehagen sitt verdigrunnlag.
Alle tilsette ser seg sjølv som viktige i arbeidet med å utvikle pedagogisk praksis	Personalet gir kvarandre tilbakemelding, og rettleier kvarandre for å utvikla pedagogisk praksis og kvalitet for barna